

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Fylke:

Sogn og Fj.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad:

Selje

Emne: Julenissen

Bygdelag:

Stadlandet

Oppskr. av: Olav Hardevik

Gard:

(adresse): Årsheim

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Julenissen.

1. Eg kan ikkje minnst eg høyrde tale om julenissen så mykje i mi barndoms-tid. Derimot tale ofte dei gamle då om julebukken som vi måtte pass oss for. Eg har hørt det er dei siste 30-40 år med missekort, julehefte og ymse reklame som gjer at julenissen har vorte så mykje om-tala.
2. Det er sikkert mange heimar som ikkje bryr seg med julenisse. Men der dei taler med det, er det nok så at nissen kjem fram med alle gavene. At han får noko for skrevet har eg ikkje.
3. Det er ikkje nøye med det.
4. Han har gjerne maske maske med stigg. Ikkje noko sers med kledi anna han skal vera uteferneleg for barni.
5. Det er så ymse, same kjøper og same lagar sjølve.
6. Ja, det er visst det vanlege.
7. Nei, det er neppe bruket.
8. Det kan eg ikkje seia noko visst om; men eg har det ikkje.
9. Nei, slikt har eg ikkje høyrte tale om her.